

Eg ser eg er for seint ute med å kommentere framlegg til vegnamn i Nord-Stjørna, men eg sender likevel denne mailen.

Eg tok hovudfagseksamen i 1969 med tema Stadnamn i Stjørna, og har samla namn seinare også.

Eg forstår det slik at de vil namnsetje heile strekinga frå Eidsvatnet til Stallvika for Stallvikveien. Eller har eg misforstått? Det er på ein måte logisk ut frå skiltinga i Eidsvass-krysset, men historisk blir ikkje dette rett.

Gårdsnamna er dei eldste kulturnamna i ei bygd, ved sida av namn på elvar, vatn, fjell og sjønamn. Vegane hadde oftast ikkje namn. Eit unntak i mitt distrikt er Berghaugan, og det er bra at det har komme med. At Eidsvegen går på heile Eids-valdet er bra. Men på vegen frå Eidskrysset til Stallvika, passerer vi både Høybakken, Heggvikan, Berge og Søvika. Frå Eidsvasskrysset ville eg kalla vegen Høybakken, eller Høybakkvegen, og han kunne svinge langs bryggene når det kjem ned til Høybakken. Eg ville ha hatt Heggvikvegen heilt frå starten ved Høybakkfjæra og innover hovudvegen og rundt om Heggvikgården. Så kunne Berghaugan ha starta der ein svingar opp den austre innkjøringa til Heggvikan. Frå Vorpstykket ville eg kalla hovudvegen Søvikveien, som skulle gå til Akseldalskrysset. Derifrå skulle Stallvikveien gå innover til Stallvikgårdane. Men Stallvikleiva er eit heilt uhistorisk namn på vegen til hyttene innover berga. Her har vi alltid sagt Berga, eller Stallvikberga. Sjøbergvegen har heller ikkje rot i lokal namngjeving. Det næraste her ville vere Akseldalen. Det vesle vegstykket til hytteene mellom Akseldalskrysset og Stallvikgårdane gårt framom ei ekre dei gamle kalla Trinitaten. (Lokalt uttala Trennetaten) Det ville vere eit eksepsjonelt artig namn å "forevige" gjennom vegnamn. Tonstad er også eit nyare namn. Her var området kjent som inner og ytter Hole.

Vegen frå Akseldalskrysset og oppover ville eg ha kalla Oldervegen, som går opp til Oldergården (Kvernstad). Innover mot Gunnar Hulsund er Vamyrveien logisk.

Vi sa aldri Aundalsveien, berre Aundalen. Flott at de vil bruke forma Gjølja, som er den uttalen dei fleste brukar frå gammalt.

Dette var nokre idear i all hast.

Lykke til med arbeidet!

Helsing Tor Stallvik